



Saksbehandlar: Merete Farstad, Plan- og samfunnsavdelinga
Sak nr.: 15/11586-1

Regional plan for vassregion Hordaland

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkestinget vedtek Regional plan for Vassregion Hordaland 2016-2021 for dei areala som gjeld Sogn og Fjordane.
2. Fylkestinget vedtek Handlingsprogram Vassregion Hordaland 2016-2021 for dei areala som gjeld Sogn og Fjordane
3. Fylkestinget vedtek Tiltaksprogram Vassregion Hordaland 2016-2021 for dei areala som gjeld Sogn og Fjordane.

Vedlegg:

1. Regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021
2. Tiltaksprogram vassregion Hordaland 2016-2021
3. Handlingsprogram vassregion Hordaland 2016-2021
4. Høyringsrapport 1
5. Høyringsrapport 2
6. Saksframlegg frå Hordaland fylkeskommune

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Grunnen for at saka er fremja

Arbeidet med regional plan for vassforvaltning er forankra i vassforskrifta og utløyst av internasjonale plikter Noreg har teke på seg knytt til vassdirektivet til EU. Den regionale vassforvaltningsplanen vert vedteken som ein regional plan etter plan- og bygningslova § 8-4 med dei særreglane som kjem av forskrifta. Vassforskrifta set nærmare rammer for innhald og organisering.

Fylkestinga er regional planstyresmakt jf. PBL § 3-4 fjerde ledd og skal vedta Regional vassforvaltningsplan med tilhøyrande regionalt handlingsprogram og tiltaksprogram, som ein regional plan. For Vassregion Hordaland er dette Fylkestinga i Hordaland, Sogn og Fjordane, Buskerud, Telemark og Rogaland. Sogn og Fjordane tek berre stilling til planen for dei vasskjeldene som ligg innafor dei geografiske grensene for fylket. Sogn og Fjordane har fleire små område i Vassregion Hordaland.

For at sentrale styresmakter skal kunne sikre at vi som nasjon følgjer opp dei nasjonale pliktene etter vassdirektivet, skal Klima- og miljødepartementet godkjenne dei regionale vassforvaltningsplanane.

Den regionale vassforvaltningsplanen, vedtaka i dei respektive fylkestinga og godkjenning av planen i Klima- og Miljødepartementet er til saman den godkjente forvaltningsplanen. Handlingsprogram og Tiltaksprogram vert berre vedteke av fylkestinget og går ikkje vidare til Klima- og Miljødepartementet.

Planen gjeld for 2016-2021 og er den første av i alt tre planrundar. Planen skal rullerast kvart sjette år fram til og med 2033.

Hordaland vassregion

Noreg er delt inn i 11 vassregionar, der vassregion Hordaland er ein av dei. Vassregiongrensene følgjer nedbørsgrensene og ikkje dei administrative fylkesgrensene. Planområdet er saman-fallande med plan- og bygningslova § 1-2. Det omfattar alt landområde inkludert vassdraga, grunnvatn og kystvatn ut til ei nautisk mil utafor grunnlina.

Planprosess

Vassregionmynda for vassregion Hordaland er Hordaland fylkeskommune. Vassregionmynda styrer plan- og prosessarbeidet med å utarbeide plandokumenta. Planen med tiltaksprogram og handlingsprogram er utarbeidd i samråd med vassregionutvalet. Vassregionutvalet er sett saman av sektorstyresmaktar, kommunane og fylkeskommunar. Med andre ord sit dei som har verkemidlar til å betre vassmiljøet i vassregionutvalet. Grunnlaget for planen er utarbeid i vassområda i vassregion Hordaland.

Historikk - tidlegare vedtak

Det har vore fire offentlege høyringar i arbeidet

1. Planprogram på høyring 1.1 – 30.6.2011
2. Vesentlege vassforvaltningsspørsmål, på høyring 1. juli – 31. desember 2012.
3. Forvaltningsplan og tiltaksprogram på høyring 1. juli – 31. desember 2014.
4. 2. gongs høyring av miljømål, tiltak og verknad for vasskraft samt handlingsprogram 15. juni – 20. september 2015.

Vassregionutvalet for Hordaland har teke følgjande dokument til orientering med dei merknadar som kom fram i møte 6. oktober 2015:

1. *Framlegg til Regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021*
2. *Framlegg til Tiltaksprogram for vassregion Hordaland 2016-2021*
3. *Framlegg til Handlingsprogram 2016-2018*

Sentrale problemstillingar

Den delen av Sogn og Fjordane fylke som ligg i Hordaland vassregion har stort sett påverknad frå vassdragsregulering og sur nedbør. For Sogn og Fjordane er det føreslede tiltak for 8 vassførekomstar knytt til vassdragsregulering/vilkårsrevisjonar og avløp frå hyttefelt. I tillegg kjem tiltak om internasjonale avtalar for å redusere påverknad frå sur nedbør.

Førdevassdraget i Høyanger kommune inngår i reguleringa av Matrevassdraget i Hordaland. Matrevassdraget er prioritert for vasslepp (nasjonal og regional prioritering). For kystvatn er det føreslede problemkartlegging i Sløvåg for å finne fram til tilstanden for vassførekomsten. Sektor-styresmakt for å gjennomføre tiltaka er Fylkesmann/ Miljødirektoratet og NVE.

Seks av dei 8 vassførekomstar har miljømål om *godt økologisk potensial* innan 2021. To vassførekomstar skal nå *god økologisk tilstand*, ein innan 2021 og den andre innan 2027.

2. Vurderingar og konsekvensar

Økonomi- og budsjettkonsekvensar

Dei ulike sektorstyresmaktane, fylkeskommune og kommunane er ansvarlege for å gjennomføre og bere kostnadane ved tiltaka innanfor sine ansvarsområde. Det er den enkelte sektor som og er ansvarleg for kost – nytte vurderingar til planen.

Rettslege konsekvensar

Planen vert rapportert til EFTA sitt overvakingsorgan ESA og elektronisk til WISE i mars 2016. Tiltak som er satt i verk skal rapporterast til ESA midtvegs i planperioden dvs. utgangen av 2018. ESA vurderer om Noregs gjennomføring av planar er tilfredsstillande. Mangefull gjennomføring kan ende i EFTA-domstolen.

Plankonsekvensar

Planane skal leggast til grunn for aktiviteten i regionale organ, for kommunal og statleg planlegging og for generell verksemd i vassregionen jf. vassforskrifta § 29 og plan- og bygningslova § 8-2.

Planen gjeld alle sektorar og skal medverke til å styre og samordne vassforvaltning og arealbruk på tvers av kommune- og fylkesgrenser. Om ei kommune ikkje rettar seg etter retningslinjene, vil dette gi grunnlag for motsegn til planane i kommunen.

Klima- og miljøkonsekvensar

Ved å auke kunnskapsgrunnlaget og å gjennomføre avbøtande tiltak i elvar, innsjøar, grunnvatn og kystvatn vil betre miljøtilstanden i vassførekomstane.

Handtering av høyringsinnspel

Vassregionmynda for Hordaland har handtert høyringsinnspela. For meir informasjon er det visst til saksgrunnlag frå Hordaland fylkeskommune (vedlegg).

3. Konklusjon

Fylkesrådmannen ser på regional plan for vassforvaltning, som eit viktig verkty i arbeidet med å verne om og betre nytte vassressursane i fylket.

Noreg har ein svært fragmentert vassforvaltning, noko som stiller ekstra store krav til god samhandling. Planarbeidet er difor starten på å styrke heilskapleg vassforvalting i planperioden og å arbeide langsiktig fram mot 2033 for å nå måla for vassressursane våre.

Fylkesrådmannen rår til at regional plan for vassregion Hordaland blir vedteke slik han ligg føre. Fylkesrådmannen rår og til at tilhøyrande Handlingsprogram og Tiltaksprogram vert godkjent som del av planen. Vedtaket vil gjelde for dei areala som høyrer til Sogn og Fjordane fylke.